



Vår dato:

12.11.2024

Vår ref:

2019/3649

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2019/425

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kyrkevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

## Uttale - Detaljregulering Grebastadvegen - Avgrensa høyring knytt til busslomme langs Dalevegen og varsel om mindre utviding av planområdet

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Sykkylven kommune varslar utviding av planavgrensing for detaljregulering Grestadvegen, samt flytting av busslomme.

Vi har ut frå våre ansvarsområde ikkje vesentlege merknader.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)  
plansamordnar

Jorunn Mittet Eriksen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500  
Postboks 1010 Nordre Ål  
6404 MOLDE  
2605 LILLEHAMMER



## Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:  
23/227911-5

Dykkar referanse:  
19/425 – 36 /  
ARIRIN

Vår dato:  
07.11.2024

### Uttale til avgrensa høyring av detaljregulering Grebstadvegen og varsel om mindre utviding av planområdet

Vi viser til brev av 16.10.2024.

#### Saken gjeld

Det er varsla om ei ending i planen for Grebstadvegen ved at det er teke inn ei busslomme i krysset med fv. 5916. Dette har også ført til utviding av planområdet.

#### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegenormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretakne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følge opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfylling av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretake i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

### Vår vurdering

Vi har ingen merknadar til foreslått løysing for busslomma. Vi merkar oss at avkøyrsla til eigedomane gnr. 7 bnr. 160 og gnr. 8 bnr. 11 framleis er med i plankartet utan at vår merknad til dette ved 2. gongs offentleg ettersyn er kommentert.

Vi viser elles til våre andre merknadar til 2. gongs offentleg ettersyn og ber om at dette blir vurdert i det vidare arbeidet meir reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt

Med helsing

Linda Heimen  
seksjonssjef

Vidar Neraas  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE  
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Sykylven kommune  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 23/56429 - 24/157998	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 06.11.2024
----------------	-----------------	----------------------------------	---	---------------------

## **Sykylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Grebastadvegen - uttale til avgrensa høyring**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### **INNLEIING**

Saka gjeld utviding av planavgrensing for detaljregulering Grebastadvegen, samt flytting av busslomme. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

### **MERKNADER TIL PLANFORSLAGET**

#### **Samferdsel**

Planforslaget er endra ved at det er regulert inn busslomme vest for krysset mellom Grebstadvegen og fylkesveg 5916. Vi er positive til at haldeplassen blir flyttet hit, men endringa gir grunnlag for nye vurderingar.

Av omsyn til trafikktryggleiken til kollektivreisande må det bli stilt rekkefølgjekrav om at haldeplassen og gang- og sykkelveg fram til denne, skal være opparbeidd før den omlagte Eimsvegen blir opna for trafikk. Opparbeiding av haldeplassen i tråd med krav i N100 må i tillegg bli sikra gjennom føresegn.

Det må også bli knytt rekkefølgjekrav til stenging av Eimsvegen (vist med symbol «stenging av avkjørsel» i plankartet) før den omlagte Eimsvegen blir opna for trafikk.

Vi har **motsegn** til planforslaget fram til dette er på plass.

Vi støttar elles Statens Vegvesen i at ein må vurdere moglegheita for alternativ tilkomst for eigedomane gbnr 7/160 og 8/11 slik at direkteavkjørselen frå fylkesvegen kan stengast.

#### Gjennomføringsavtale

Ved tiltak der Møre og Romsdal fylkeskommune stiller eksisterande veggrunn til disposisjon for tiltak og der fylkeskommunen vil vere reell eigar av fylkesvegarealet etter overtaking blir det stilt krav om gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal da blant anna godkjenne teikningar. Før arbeid med etablering av haldeplassen blir igangsett, må det takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune for ovannemnde avtale. Send førespurnad til post@mrfylke.no med følgande emne « 23/56429 Gjennomføringsavtale».

#### **KONKLUSJON**

Møre og Romsdal fylkeskommune har motsegn til planforslaget inntil følgande er på plass:

- av omsyn til trafikktryggleiken til kollektivreisande må det bli stilt rekkefølgjekrav om at haldeplassen og gang- og sykkelveg fram til denne, skal være opparbeidd før den omlagte Eimsvegen blir opna for trafikk
- rekkefølgjekrav til stenging av Eimsvegen før den omlagte Eimsvegen blir opna for trafikk.

Sjå elles merknad frå samferdsel ovanfor.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm  
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:  
Statens vegvesen  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Fagsaksbehandlar:  
Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42



Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Postboks 2500  
6404 MOLDE

Dykker ref.:  
23/56429 - 24/157998

Vår ref.:  
19/425 - 40 / ARIRIN

Dato:  
05.12.2024

## **Detaljregulering del av Grebstadvegen - Førespurnad om å trekke motsegn til tema samferdsel**

I avgrensa høyring til Detaljregulering del av Grebstadvegen til utviding av planavgrensing og flytting av busslomme, har Møre og Romsdal fylkeskommune gjeve motsegn til planen.

Fylkeskommunen har motsegn til planen til følgjande er på plass:

- av omsyn til trafikktryggleiken til kollektivtreisande må det bli stilt rekkefølgjekrav om at haldeplassen og gang- og sykkelveg fram til denne, skal være opparbeidd før den omlagte Eimsvegen blir opna for trafikk
- rekkefølgjekrav til stenging av Eimsvegen før den omlagte Eimsvegen blir opna for trafikk.

I kommunen sitt oversendingsbrev til den avgrensa høyringa foreslår kommunen følgande rekjkjefølgjekrav for å sikre opparbeiding av busslomma når Eimsvegen blir lagt om:

«O\_GS2 og busslomma skal opparbeidast samstundes med ny kopling mellom o\_KV1 (Ny Eimsveg) og o\_KV5 (Grebstadvegen)»

I fråsegna til den avgrensa høyringa har ikkje fylkeskommunen kommentert dette forslaget til rekjkjefølgjekrav, men sidan motsega er utforma som der er så antar kommunen at denne er vurdert av fylkeskommunen til ikkje å vere dekkande.

Kommunen foreslår i staden for at følgjande rekjkjefølgjekrav og punkt blir tatt inn i føresegna:

Tillegg til § 9 rekjkjefølgjekrav:

Før o\_KV1 (ny Eimsveg) kan åpnast for trafikk skal:

- o\_GS2 og busslomma (o\_KH) vere ferdig opparbeida.
- noverande Eimsveg stengast for trafikk ved symbolet «stenging av avkjørsel» ved område J4 i plankartet.

Tillegg til § 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:

Kollektivholdepllassen (o\_KH) får eit eige avsnitt i § 5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur i føresegne, der det blir presisert at denne skal opparbeidast i tråd med krav i N100.



## Konklusjon

Med dei foreslårte tillegga i føresegna skissert over ber Sykkylven kommune fylkeskommunen vurdere om motsegnene kan trekkjast.

Med helsing

Kristian Trandal  
teknisk sjef

Arild Sunde Rinnan  
arealplanleggar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### Kopi til

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal      Postboks 2520      6404      MOLDE



Sykylven kommune  
Kyrkjevegen 62  
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref: 23/56429 - 24/175074	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 13.01.2025
----------------	-----------------	----------------------------------	---	---------------------

## **Sykylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Grebstad - trekk av motsegn**

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

### **INNLEIING**

Møre og Romsdal fylkeskommune hadde i brev 06.11.2024 motsegn til Detaljregulering del av Grebstadvegen, inntil rekkefølgjekrav om at haldeplassen og gang- og sykkelveg fram til denne, skal vere opparbeidd før den omlagte Eimsvegen blir opna for trafikk og rekkefølgjekrav til stenging av Eimsvegen før den omlagte Eimsvegen blir opna.

### **MERKNADER TIL PLANFORSLAGET**

## **Samferdsel**

Kommunen sitt forslag til rekkefølgjekrav for å sikre opparbeiding av busslomma og gang- og O\_GS2 var ikke innarbeida i føresegna som var vedlagt den avgrensa høyringa. Vi ser no at forslaget står i sjølve oversendingsbrevet og beklagar misforståelsen.

Følgande rekkefølgjekrav er no framlagt av kommunen:

Før o\_KV1 (ny Eimsveg) kan opnast for trafikk skal:

- o\_GS2 og busslomma (o\_KH) vere ferdig opparbeida.
- neverande Eimsveg stengast for trafikk ved symbolet «stenging av avkørsel» ved område J4 i plankartet.

Med dette rekkefølgjekravet er vårt motsegn svart ut og vi **trekk motsegna** vi hadde til planforslaget.

## **KONKLUSJON**

Møre og Romsdal fylkeskommune trekk sine motsegn.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm  
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:

Statens vegvesen  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: rådgivar Eirin Husby Frey, tlf. 71 28 00 42